




Det er fornuftig med ein oppsummering etterpå.

**Begrepet allidrett - er det noko nytt og er det tufta på ein ide som Cathrine og Steinar Haugland har hatt?**

**Slett ikkje, presiserer Steinar, allidrett er eit konsept frå Norges Idrettsforbund.**

**Det opnar for eit**

**svært allsidig tilbod som har til hensikt å ikkje knytta dei unge for fast til bestemte aktivitetar for tidleg..**



Innefotball er artig.

Allidrett har tydelegvis slått skikkeleg an landet rundt og på nettet finn ein nyhende om at det er danna spesielle allidrettsgrupper både her og der - i vår nærleik til dømes i Åsane.



- men innebandy er artigare!

I målsetninga for denne gruppa heiter det at barna her får prøva seg i ymse fysiske aktivitetar og idrettar der mestring og trivsel står i fokus. Ved å trena allsidig i ung alder vil ein kunne leggja eit godt basisgrunnlag for fysiske aktivitetar seinare, blir det understreka.

Ein av aktivitetane er tur til Ulrikens topp, ein annan orientering i ein park og ein tredje klatring, for å nemna 3 døme rå Åsane.

I Uskedalen er det også eit svært allsidig tilbod og i kveld var det ein kombinasjon av innandørs fotball og innebandy.

Kombinasjonen slo svært godt an, for det kom bortimot 20.  
Og konklusjonen til dei unge var ganske klar: Innebandy slo best an!

Neste onsdag står hinderløypa på programmet.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen